

Statsråden imponert over KV

26.03.2012



Statsråden fekk gåver av dagleg leiar

Helse- og omsorgsminister Anne-Grethe Strøm-Erichsen måtte ikkje overtalast lenge for å besøkja Kvinnherad Vekstbedrift. Ho svara positivt raskt då ordførar Synnøve Solbakken inviterte henne og etter 70 minuttar i den tidlegare AFA i dag gav ho uttrykk for at ho var imponert og at verksemda har ei viktig oppgåve. På eitt punkt var dagleg leiar Tor Vidar Sæle ikkje så fornøgd for sin del og det galdt statstilskotet som blir truga av reduksjon,



Statsråden møtte mellom andre Ann Kristin Håland frå Husnes

Det kan få den konsekvens at dei som treng ein jobb mest blir kutta ut. Statsråden forsto at det vil vera uheldig, og ba Sæle om å sende inn sine synspunkt skriftlig. Men ho streka samstundes under at dette er arbeidsminister Hanne Bjurstrøm sitt bord og ville orientera henne om problemet.

Den allsidige politikaren frå Bergen kom til ein flaggpryda verksemد medan flaggstånga stod naken på den nærliggjande skulen.

Veret var strålande og ordføraren gav uttrykk for at dette var ein prikkfri dag å avvikla eit statsrådbesøk på.

Ministeren var innom dei fleste tilsette under rundturen sin og ikkje minst mangfaldet av produkt gjorde tydeleg inntrykk. Ho var raus med rosen og den utvida ho til heile kommunen då ho sa at kvinnheringane bur i ein av dei flottaste kommunane i landet og difor er utruleg privilegerte.

Etter synfariga var det servering av mellom anna marsinpankake i ei nyutvida kantine og der fekk statsråden sitteunderlag med påskemotiv, flaske og krus. Der vart det også orientert om den lokale Frivillighetsentralen og kultursjef Kristian Bringedal gav uttrykk for kor viktig det er å få enda fleire med i frivillig arbeid, ikkje minst på kultursektoren. Fleire orienterte om dei ymse gruppene og det vart mellom anna opplyst at utkøyring av mat til eldre blir planlagd på Husnes.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen.



Arbeidsleiar Per Ivar Kårstad presenterte dei solide møbla til KV